



STRANDEBARM



VIKØY



NORHEIMSUND



ØYSTESE



ÅLVIK

KYRKJEBLAD

FOR KVAM

NR. 1 • MARS 2026
87. ÅRGANG

God
Påske



Jula varar
heilt til påske
Side 4

Konfirmant-
leir
Side 8

Påske frå
kyrkje til kyrkje
Side 10

Ny misjons-
avtale
Side 12

FRAMSIDA



Volleyballgjengen på KRIK-leiren 2026.
Foto: KRIK Media, Elise Kjøllesdal Hansen

LEIAR

Kyrkja i vårt samfunn

«Og kva driv du med?» Spørsmålet er ikkje til koma unna i møte med menneske som me skal læra å kjenna. Smalltalk er no eingong limet oss menneske i mellom. Festen er så vidt i gang, og med glas i neven skal du finna din plass, nye hender skal trykkjast. Kven er du, kva driv du med?

«Neeei, - eg arbeider i kyrkja, som dagleg leiar. Kyrkjevevje, er vel tittelen min.»
Og der stoppa samtalen litt opp, seddu. «Javel, ja. Kyrkja, ja. Æh — kva, korleis — det er vel ein deltids-stilling, det då? Kyrkjetenar, sa du?»

Nok om meg til så lenge.

Kyrkja sin rolle og plass i samfunnet er i stadig endring. Den har aldri vore vedvarande og stabil, men endrar seg i takt med utviklinga i samfunnet. Kyrkja i vårt land må finna sin plass der det er ledig, den skal ta omsyn til andre trussamfunn, den må visa måtehald, - men også slåss for sin plass og sin rolle. Det siste er ikkje alltid like lett? Den er ikkje lenger den store og tunge samfunnsaktøren som den gjerne trur at den framleis er. For kyrkja ber med seg ein arv som til tider er tung å bera. Kyrkja har for mange vore ein maktfaktor som har sett rammer kring menneskelivet. Rammer som ikkje alltid har vore prega av nestekjærleik og omsorg, men der tukta og straffa gjerne var fylgjesveinar.

Dette er fjern fortid for mange. Kyrkja er for mange i dag eit litt fjernt kulturhus med sære reglar, ein litt pompøs seremonimeister, eit kommunalt pengesluk, - og like fullt staden dei fleste framleis går til med sine døde. Kyrkja er gjeven rollen som gravferdsforvaltning i samfunnet vårt — eit ansvar som skal akslast med stor

Olav Skeie Lid

Redaktør



respekt og mykje varsemd. Kyrkja er staden der dørene vert opna i tunge stunder, i glade feiringar, i saknet sin time. Kyrkja er der når me treng den. Stor og kvit, tagal og trygg står den og minner på mange måtar om eit Olav H. Hauge-dikt: «Eg stend no berre her, eg» Borte er domsorda og den strenge presten som kunne utsetja vaksenlivet til den som ikkje kunne sin katekisme, inn frå venstre kjem dagens prestar saman med kateketen, og prøver etter beste evne å vera eit frivillig livssynstilbod til 14-åringar på veg til vaksenlivet, - med vekslande hell.

Trusopplærarar har kome som ein foss inn i kyrkja dei siste åra, for å prøva meisla ut ein strategi der born og unge kan møta Meisteren sin bodskap i den post-religiøse tidsalder. For salmeversar og bibelsoga i skulen er ikkje der lenger. Her er eit gap som treng å fyllast. Men kyrkja ER der.

Med sine mange funksjonar, sine mange rollar. Lysande i vinternatta, irriterande for nokon, livgjevande for andre. For i sitt indre løyner kyrkja dette underlege: eit folk som kjem saman og finn styrke til liv og lagnad i trua. Eit syngjande felleskap av ofte famlande og usikre menneske, men som har fata dette eine: ei tru på den oppstadne Kristus.

«Ja, eg arbeider i kyrkja». Samtalen på festen kjem harklande og stotrande i gang att, og brått kan eg kjenna: eg er stolt over å arbeida i denne kyrkja. Huset med dei mange rom, med dei mange ansikt, denne romslege og robuste folkekyrkja vår, denne irriterande vepsen som tillet seg å meina noko om tilveret, dette fellesskapet som rommar mange av oss i tid og æve. Denne arbeidsplassen med alle dei dedikerte medarbeidarane, med musikken, med omsorga og omtanken for heile mennesket. Ja, eg arbeider i kyrkja.

Soknepresten i Strandebarm og Vikøy:

Vetle Karlsen Eide,
epost: vk267@kyrkja.no
tlf. 400 35 356

Prestevikar i Øystese og Ålvik:

Norunn Rød Markhus
epost: nm727@kyrkja.no
tlf: 916 37 713

Kvam kyrkjelege fellelsråd:

Leiar: Kjell Dysvik
kjell.dysvik21@gmail.com

Rådsleiarar Strandebarm sokn:

Margunn Mikkelsen Tordal
mmtordal@gmail.com

Vikøy sokn:

Astrid Helleve Fylkesnes
a.h.fylkesnes@gmail.com

Øystese sokn:

Kjell Dysvik,
kjell.dysvik21@gmail.com

Ålvik sokn:

Ida Lindø
idalind@online.no



KYRKJEBLAD
FOR KVAM

Utgjevar:

Vikøy, Øystese, Ålvik og Strandebarm sokneråd

Ansvarleg redaktør:

Olav Skeie Lid, epost: OL485@kyrkja.no

Grafisk produksjon:

Inger Karin Tordal

Trykk:

Kai Hansen Trykkeri



Miljømerket trykksak



Kontingent:

Friviljug / kr. 350,-

Bankkontonummer:

3530 07 06922 for kontingentar og gaver
Vipps #584927

Annonser:

Kontakt redaksjonen

Opplag:

4100 pr. nummer. Fire nummer i året.

Tips til stoff:

Send til ol485@kyrkja.no



DEN NORSKE KYRKJA
Kvam kyrkjelege fellelsråd

Telefon:

414 00 035 / 474 83 120

E-post:

post.kvam@kyrkja.no

Vitjingsadresse:

Kvam kyrkjekontor, Norheimsund kyrkje,
Kyrkjevegen 40, 5600 Norheimsund

Postadresse:

Postboks 39, 5601 NORHEIMSUND

På nettsida vår finn du alltid oppdatert informasjon: www.kyrkja.no/Kvam



Den norske kyrkja i Kvam

Organisasjonsnummer

Kvam kyrkjelege fellelsråd:

976 995 082

Kyrkjevevja i Kvam:

Olav Skeie Lid, tlf 41400035,

epost: ol485@kyrkja.no

Gud kjenner deg ved ditt namn

Salmane 139:1-5 *“Herre, du ransakar meg, og du veit om eg sit eller står, På lang avstand kjenner du mine tanker. Om eg går eller ligg ser du det, du kjenner alle mine vegar. Før eg har eit ord på tunga, Herre, kjenner du det fullt ut. Bakfra og framfrå omgjev du meg, du har lagt di hand på meg.”*

Å vera sett er ein vakker og viktig ting i livet. Me ynskjer alle å bli sett av andre. Når nokon du kjenner, og har stor respekt for, gløymer namnet ditt; og du ser at dei ikkje eingong kjenner deg, blir du trist. Viss det å vera sett i det verkelege livet er så viktig, er ikkje det å vere sett av Gud mykje viktigare? Gud gjev liv.

Mange foreldre brukar mykje tid på å tenkje på namn til barna. Ved kvart svangerskap lagar me lang liste, samanliknar lyd og betydning; og me spør familie og vener om namneforslag. Endå viktigare: me ynskjer å begynna å kalla barna våre ved namn allereie før dei er fødd.

Du som les denne andakten: veit du kor mange som kjenner deg godt? Er du sikker på at din ektefelle eller nære familie, din beste ven eller kollegaer på jobb, kjenner deg eigentleg? Det kan henda at det er få personar som kjenner deg godt. Nokon gongar møter du menneske som kjenner deg, men ikkje ved navn, men vår mektige Gud kjenner deg, -og han kjenner deg ved namn. Han blandar aldri eller gløymer ditt namn. Eg hugsar ein vond periode, då eg

var gjennom vanskelege tider, var skuffa over meg sjølv, å leva kjendes meininglaust, og eg var redd for å mista alt (heim, vener, kollegaer). Eg tenkte at alle hata meg og ville ikkje sjå eller snakka med meg! Å tenkja på å finna ein jobb var ikkje aktuelt, nesten umogleg. Men ein dag då eg var på butikken for å handla, hørde eg ei roleg mannstemme, ei stemme som ofte dukkar opp i tankane, og som eg aldri kjem til å gløyma: «Hei Bonje, korleis går det med deg? Har du fått deg jobb? Det er ei ledig stilling... du kan søkja om du er interessert.» Eg vart så glad! Er det framleis nokon i verda som kan bry seg om meg? Sjølv sagt ja, det er folk der ute som har eit reint hjarta med stor omsorg. Han visste ikkje berre namnet mitt, men han viste at han brydde seg om meg, Gud velsigne han! I dag har eg jobb, ein jobb som eg er veldig glad i, med snille og omtenk same kollegaer. Ære vere Gud.

Nokon gongar kan du føle at du er fortapt i mengda, og ingen ville leggja merke til det om du er der eller ikkje. Eg har gode hyheiter til deg: vår kjære Gud gjer! Gud kjenner deg ved navn. Herren kjenner oss betre enn me kjenner oss sjølve. Han kjenner våre handlingar og våre tankar, vår fortid, notid og framtid, og det er ingenting som kan overraska han. Han veit alt og elskar oss framleis så høgt. Me kan oppleva den djupe gleda ved å bli fullt sett og fullt elska fordi Guds kjærleik er i hans natur, ikkje i vår.

Bonje Ntagambwa

Kyrkjetenar-vikar



Eg veit ikkje kva ditt problem er. Eg veit ikkje kva du går gjennom. Men Gud veit. Kanskje du er innlagt på sjukehus, på sjukeheim eller du ligg på sofaen, føler deg motlaus, sint, har det vondt, utan besøk, eller du opplever sviktande økonomi. Ingen bryr seg, men husk alltid at Gud elskar deg ubetinga. Han kjenner deg betre enn nokon andre. Han kjenner deg ved namnet ditt. I Johannes 10:15 - 15 sa Jesus: « *Eg er den gode gjetaren. Eg kjenner mine, og mine kjenner meg, slik som Far kjenner meg og eg kjenner Far.* »

Ikkje alle vil kjenna namnet ditt, ikkje i dette livet, men Gud vil. Det er difor namnet ditt blir nemnt ved dåpen din. Det er difor Jesus kom, ikkje for ei mengd med folk, men for individer med namn. Du har namnet ditt skrive i himmelens livsbok. Og ingen kan vende Hans kjærlege blikk bort frå deg. Du er Hans kunstverk, ein fantastisk skapning. Og endå meir, når du gjev Han ditt liv, i tru på Hans son Jesus, blir du hans barn! Ein god far kjenner alle sine barn. Kva kan vere betre enn det?

La oss be: - Kjære Gud, me ber for alle dine barn på jorda og meir spesifikt, her i Kvam. Vær hos dei heile tida i gode og vanskelege tider, i god helse og ved sjukdom, om natta og om dagen. Rekk ut di mektige hand og rør ved kvar einaste person i ein kvar situasjon dei måtte vera i. Amen.



Hjelp barn i hjem med rus

90.000 barn i Norge vokser opp i hjem med rus. Med din støtte kan vi hjelpe flere familier som strever!

Gjør barnas hverdag litt lysere.

Gi din gave på **Vipps 936679**



Blå Kors

Treng du nokon å snakke med?

Ring eller skriv. Vi er her. Alltid.



22 40 00 40
soschat.no

KIRKENS SOS

Jula varar heilt til páske...?

Glimt frá trusoplæringa i Kvam!

Me starta året med Lys vaken-overnatting med 11-åringane i Øystese kyrkje fyrste helga i januar! Nær 20 born deltok! Tida brukte me til å laga stjerner av kvistar og tråd, leike mørke-gøymse i kyrkjerommet, ete taco, høyre bibelforteljing, gå rundt juletreet, brenne stjerneskot, «sjekke kyrkja», feire gudsteneste... TAKK for eit kjekt døgn til alle som var med!

Også tårnagentane har vore i aksjon! Over 30 born har vore med på samlingar både i Ålvik, Øystese og Vikøy kyrkje! Klokketårna er besøkt, bibelforteljingar er blitt formidla og pølser er blitt ete! I Ålvik og Øystese svinga me oss rundt juletreet. Utanfor Vikøy kyrkje vart det bål og grilling ein nydeleg februarkveld! Det er meningsfullt og flott å møte borna i kyrkjelydane.



Alida, Thea og Marte bygger tårn i Øystese.



God, gamaldags juletrengang på gang i Ålvik.



Smell og latter med ballong-sprekking!



Marie, Sofia, Mari, Undine og Bjørk kosar seg med hotdog på Tårnagent-samlinga i Øystese

Tekst og foto: Norunn R. Markhus og Olav Skeie Lid

Sha-la-la i Ålvik kyrkje

Godt med folk var samla i Ålvik sitt Gudshus på oskeonsdag! Høvet var salmekveld med utgangspunkt i Bjørn Eidsvåg sin salmeskatt.

Eidsvåg i eigen person var ikkje til stades. Det var derimot Kor i Alle Dagar som framførte fleire av «slagarane» hans; mellom anna "Gammal drøm", "Eg ser" - og ikkje minst "Kyrie" der kordirigent Inger Johanne Fure var solist -til stor applaus frå dei frammøtte.

Salmekvelden hadde også allsong stødige akkompagnert av vår livlege og inspirerte kantor Sevinj og hennar kjempedyktige orgelelev, Havstein Øvrehus frå Ålvik.

Og sist men ikkje minst var tidlegare prest i Ålvik, Johannes

Pettersen, tilstades med sixpence, gitar og fleire Eidsvåg-slagarar innabords. Saman med koret framførte han "Eg komme når du ber meg".

Deretter fekk me mellom anna høyre "Som et barn ble du båret til meg" og bryllaupssongen "Du og eg". Mellom songane fekk me også servert små, gode historiar om livet og trua. Takk til Johannes og kona Grete Oline for eit triveleg besøk.



Johannes H. Pettersen med gitaren underholdt.



Kor i Alle Dagar

Bjørn Eidsvåg skildrar livet i all si breidde i diktinga si og det er truleg grunnen til at han er blitt så folkekjær. Å leva er å gle seg, å sørgja, å tru og å tvila! Naturleg og fint kom også dette til uttrykk i kyrkja denne kvelden ved at me saman song både Sha-la-la- eg har det bra, e fornøyd og glad og den innhaldsmetta salmen Til alle tider der Bjørn Eidsvåg tek oss med inn i påskens mysterium;... straffen lå på deg, nåden bærer meg.

Kvelden vart avslutta med kyrkjekaffi og heimelaga bakverk servert bakerst i kyrkja. Takk til alle som kom; salmekveld fristar til gjentaking!



Det var mange blide og songglade folk i Ålvik kyrkje denne kvelden.

Tekst og alle foto: Norunn Rød Markhus

Benkeflytting i Ålvik kyrkje



Då tek me i: Ein-to-tre! Fire sterke karar må til når 100 kg tunge benker skal flyttast ut av Ålvik kyrkje. Eit kronestykke frå 1961 dukkar opp under eine benkefoten, og fortel si tagale søge om kva tid benkene kom på plass: 1962. No må dei vika plass for litt meir sosial struktur.

Ja, me snakkar sjølvsaft ikkje om alle benkene. 2 benker på kvar side bak i kyrkja er no behørig stabla opp i kjellaren.

Bord og stolar er komne i staden, og vips! så var kyrkja i Ålvik både meir innbydande og meir praktisk innretta. Soknerådet gjorde vedtaket, og primus motor, Arvid Auganæs, har vore pådrivaren, saman med musklar frå kyrkjegards-arbeidarane våre. Endåtil ein puslete kyrkjevevje var funnen verdig til å bera i eit hjørna.

Måtte endringa vera med på å gjera Ålvik kyrkje endå meir veileigna for samlingar og inkluderande fellesskap!

Tekst og foto: Olav Skeie Lid

Ei arv å ta vare på

Då kristendommen vart innført i landet vårt, var hovudvegane sjøen. Dette gjorde at det var langs kysten folket vart kjende med kristendomen.

Håkon den gode, Adalsteinfostre, var den første. Han var son til Harald Hårfagre og Tora Mostrastong. Håkon vart sår i ein arm i eit slag på Fitjar, han døydde på Håkonshella, og vart gravlagd på Seim. «Den gode» vart han kalla fordi han ikkje brukte makt mot folket for å få dei til å ta imot Kvitekrist.

Olav Tryggvasson fekk berre styra landet i om lag 5 år. Men han brukte meir makt for å få folk til å ta imot kristendomen. Etter ei reise til området som i dag heiter Polen, let han dei mindre krigsskipa segla frå seg. Han kom etter med skipet "Ormen lange". Det gjekk ikkje så lett i vatnet som dei mindre skipa. Ved Svolder (mellom Danmark og Sverige) låg ein hær og venta på han, og Olav fall der. Olav Haraldsson, den Heilage, overtok kongsmakta i Noreg i 1015. Håkon og den førstnemnde Olav reiste lite i innlandet. Olav den Heilage segla inn i fjordane og gjekk meir i dalane.

Her i Hardanger har me minne etter den ferda. Det er fortalt at han brukte sjøvegen til Folkedal. Så gjekk dei opp dalen og over til Voss. På vegen sette dei opp vardar. Den siste står i sentrum av Voss. Når dei segla langs fjordane tok dei inn til land ein del stadar. Der hadde dei gjerne messer. Det føregjekk sjølv sagt i friluft, og folk frå nærområdet var nok innbedne, og kanskje lettbedne. Kongevitjing var ikkje daglegdags då heller. Dei stadene dei la til ved, vart kalla kross-stader. Det fins fleire av dei i Kvam, både i ytre og indre del. Ikkje minst har Strandebarm fleire krossnes og kross-stadar.

I det me kan kalla den første kristne tida for landet vårt, var det langt mellom kyrkjene, Seljekyrkja og Mostrakyrkja er av dei eldste. Bygdekyrkjene kom rundt 200 år etter kyrkjene på Selje og Moster.

Det blir fortalt at den første kyrkja i Strandebarm vart bygt av tre brør. Dei var einige i at kyrkja skulle plasserast ved Bruosen, men to av dei ville ha kyrkja på eine sida av elva, og sistemann på den andre. Enden på striden vart at dei to slo i hel den tredje, og sette kyrkja opp på den sida av elva der ho no står. Men den kyrkja brann ned i 1659 utan at folket greidde å berga noko av inventaret. Det var ei enkel stavkyrkje. I 1661 vart ny kyrkje tatt i bruk. Denne var i bruk heilt fram til kyrkja som står i dag vart tatt i bruk i 1876.

Då denne kyrkja skulle byggjast, var det kome nye reglar for storleiken på kyrkjene. Dei skulle romma 3/10 av folket i sokna. Desse reglane gjorde at kyrkja måtte byggjast større enn soknestyret fyrst hadde tenkt. Og når kyrkja først skulle vera stor, skulle ho byggjast for å stetta krava om bygda vaks seg verkeleg stor.

Teikningar vart godkjende og pengar innsamla. Det har vore hevda at Vikøy kyrkje er den einaste kyrkja i Kvam som har vore bygd av lokal byggmeister. Dette er berre halvsanning, for sjølv om byggmeisteren for kyrkja i Strandebarm, Karl Askeland kom frå Manger, så fann han seg koneemne i Strandebarm, og busette seg der då kyrkja var ferdig.

Det kan vera ei stri tårn å ta seg fram på Hardangerfjorden. Mange har kome i vanskar, og då er det lett å lova både eitt og hitt om ein slepp velberga frå vanskane. Mange kyrkjer har klenodier gitt av folk som har vore i slike vanskar. Slik og

Ove-Kjell Sakseide

Pensjonert lærar



i Strandebarm. Jan Rytter var ein av dei som kom velberga i hamn etter vanskar på fjorden. Han lova bort preikestol til kyrkja om han og skuta vart berga. Preikestolen er i dag å finna på eit av lagera til Bergen museum, men det ligg bilete av den på Nasjonalbiblioteket sine nettsider "Maken".

Ei skildring av preikestolen skrive i 1904 fortel om inskripsjonar som m.a. årstalet "1674" og «Lofet vere Gud som hjalp mig af nøden paa Strandebarm fior.»... og "«Tilgivs ere og kirken store fornødenhed haver lan D Rveter foræret»...



Foto: Riksantikvaren (www.nb.no/maken/)

Strandebarmkyrkja rundar 150 år dette året. Ho står fram som velstelt og velbrukt. Lukke til med jubileet!

Falske flygeltonar

Dissonansen kvin gjennom kyrkjerommet. Det gode, gamle Steinway-flygelet har gledd oss med vakre tonar så mang ein gong — men no er det trong for ei solid oppjustering.

Flygelet i Norheimsund kyrkje er eit synleg bevis på god symbiose: Hardingtonar eig, og kyrkja leiger det. Ein vinn-vinn-situasjon på alle måtar. Men tida si tann tygg nådeløst på oss alle — også på eit instrument. Flygelet har fått hard medfart gjennom åra, det har vore transportert mange mil mellom konsertsalar i Kvam gjennom 30 år. No ropar det på ei oppgradering. Stemminga held berre ei kort tid, så er det falskt igjen.

Kantorane i kyrkja, Ulf og Sevi, har teke grep.

Saman med soknerådet har dei danna ein flygelkomite. Tanken er at Hardingtonar og kyrkja i fellesskap no kjøper inn eit nytt, evt fint brukt instrument til å erstatta den gamle Steinway'en. Hardingtonar ligg lengst framme i løypa så langt, dei har eigenkapital i dagens instrument, samt ei løyving frå Sparebankstiftinga på kr 150.000 til føremålet. Dersom kyrkja skal vera likeverdige partner i dette - og dei skal dei i fylgje avtalen som er skissert, - så må det samlast inn nokre hundretusen i kyrkjeleg regi.

Ein tenkjer seg eit instrument til om lag 600.000 -750.000. Det er godt mogeleg å kjøpa dyrare og flottare å la Kabuso, - men det ser ein seg ikkje råd til, slik stoda er. Det får klara seg med ein Toyota, sjølv om Mercedes hadde vore fint, smiler Ulf. Sjølv innsamlinga er ikkje komen skikkeleg i gang. Soknerådet har mange jarn i elden, og

flygelinnsamlinga må finna form og stil i si tid. Men sit du med ein horveleg sum og lurar på kva du skal bruka den til, så ta gjerne kontakt. Som alltid: her må me lyfta i lag, om me skal nå målet.



Ungdomskoret på turné

Det slår aldri feil: når det dreg seg mot påske, rustar Norheimsund og Øystese Ungdomskor seg til turné. Det har dei gjort i snart 60 år.



Det byrjar å bli ei stund sidan dei på ein av dei første sommarturnéane forbarma seg over ein einsam bonde som stod og hesja i vegkanten oppe i Sogn. På "no time" hadde 40 glade ungdomar frå Kvam fylt i alle hesjane hans!

Tidspunktet for turneane har skifta gjennom tidene. Pinsen, vinterferie, sommarturne - ingenting har vore uprøvd. Dei siste åra har det vore påsken som har vore tidspunktet for turneen. Men budskapen og ramma kring turen er forbausande likt frå 1968 og fram til i dag: ein buss, unge menneske med ein budskap som dei ynskjer å fortelja i ord og tonar. Den musikalske innpakkinga og lydbiletet har endra seg vesentleg — men kjernen er den same.

Årets turne går til Haugalandet, der koret skal syngja i Etne, Akdsal, Sandeid, Leirvik og i Vikebygd. Koret samlar alltid inn pengar til eit godt føremål på turane, og årest turné er ikkje noko unntak. I år er det Normisjon sitt prosjekt «Trygg barndom i Aserbajdsjan» som får nytta godt av innsamla midlar under konsertane. Lat oss hugsa våre ungdomar i bøn i påskedagane. Velkomen til kick-off og påskerkonsert i Norheimsund kyrkje torsdag 26. mars!

Ikon i Norheimsund kyrkje

Nytt ikon i Norheimsund kyrkje
Du har nok sett det: ikonet som lyser mot deg i Øystese kyrkje. Det er kraftfullt og sterkt, og fyller heile kyrkjerommet med si utstråling. No har Vikøy sokneråd tenkt å gjera det same i Norheimsund kyrkje.

Det noverande soknerådet har hatt eit ønske om å få utsmykke Norheimsund kyrkje med ikon måla av Solrunn Nes. Dette har også vore drøfta i tidlegare sokneråd.

Det er fleire grunnar til at soknerådet har valt å jobbe med dette.

Solrunn Nes vert kalla landets fremste ikonmålar, samstundes er ho ein lokal kunstnar. Ho har hatt utstillingar i både inn- og utland. Ikona hennar heng i mange kyrkjer rundt i landet vårt og også i andre land. Me tenkjer det er svært naturleg og fint at kunsten hennar også er representert i Norheimsund kyrkje, derfor har me hatt ein eigen komitè som har jobba saman med Solrunn om korleis dette kunne la seg gjere. I samarbeid med henne er det no blitt utarbeida eit forslag, og søknad er sendt til biskopen i Bjørgvin.

Den viktigaste grunnen til at soknerådet har jobba med ikon til Norheimsund kyrkje, er likevel kva ikona gir til kyrkjerommet. Ikona som er valt viser Kristus Pantokrator (allherskaren) og Den ømme Guds mor. Kristus Pantokrator viser oss den treeinige Gud som både skapar og frelsar, og Maria og Jesusbarnet viser oss Guds omsluttande kjærleik og den sårbare Gud.



Ikona er med å forkynne kven den treinige Gud er. Frå før har me den flotte altertavla av Audun Storaas med den oppstadne Kristus som strekker ut hendene sine mot oss. Saman utfyller dei biletet av kven

Kristus er for oss.

Me trur at dei som besøker Norheimsund kyrkje vil bli berika av ikona og at dei saman med altertavla vil forkynne evangeliet for alle på sin eigen måte. Ikon er ei kunstform som er kjent i den verdsvide kyrkja, det er også eit poeng at mange innvandrarar kan kjenne seg igjen i ikona. Og for alle gjeld det at kunsten forkynner budskapen på ein annan måte enn gjennom ord. Me håpar og trur på eit positivt svar på søknaden til biskopen.



Eksempelillustrasjon for korleis det kjem til å sjå ut med ikona på høgre side.

Tekst og foto: Astrid H. Fylkesnes

Konfirmantar i alle KRIKAr

Vinterferie betyr konfirmantleir! I mange år no har kyrkja i Kvam vore deltakar på organisasjon KRIK sin store leir på Framnes. Årets konfirmantkull var ikkje noko unntak i så måte.

KRIK er ei forkorting for Kristen Idrettskontakt, og har sitt arbeid primært retta mot ungdom og idrett. Ei sunn sjel i ein sunn lekam er ikkje noko minus, og med evangeliet som grunnpilar har mange funne KRIK som ein god stad å høyra til.



Stor jubel hos volleyballjengen på KRIK-leiren 2026.
Foto: KRIK Media, Elise Kjøllesdal Hansen

Kvar vinterferie arrangerer så KRIK konfirmantleir som eit tilbod til kyrkjelydar kring på vestlandet. I år var 10 kyrkjelydar representerte, med 400 deltakarar. 180 leiarar må til for å halda styr på gjengen, og her vrimlar det både av prestar, kateketar og frivillige på sovesalane. KRIK er proffe både på innhald og form, og med eige husorkester, gode formidlarar og eit rikhaldig program både i skibakken og innandørs, var det mange som hadde gode dagar ute på neset. Litt sjukdom og snufs høyrer med, men eit godt samarbeid med helsetenesta i Kvam gjorde det heile trygt og sikkert.

Vår eigen kateket Mampion var høgt og lågt under heile leiren, saman med Julie Haaberg. Mampion fann tid til ein samtale med tre av Kvam sin konfirmantar i ein liten pustepause i eit travelt program:

- Så kjekke KRIK-leiarar! Marie Duang Løken frå Strande-
barm er letta over det første møtet med leiren.
– Dei var veldig lette å prata med. Men – det var litt kao-
tisk med det same me kom. Det er veldig masse folk her!

Det kjekkaste var nok volleyball-timane, - og så likte eg
godt temaet for leiren; «Heimlengsel». Og sjølv om me
sov 25 jenter på eitt rom, så gjekk det bra, smiler ho.

- Maten var heilt ok – og hamburgeren var best!
Ei gruppe frå Strandebarm melder seg på i samtalen:
- Det var litt kaotisk til å byrja med – litt lite å finna på.
Men det kom seg, seier dei.

Sondre Flemmen Skogvoll er klar i sin tale: - Det kjek-



Helmine, Signe, Marie, Mikal, Sondre og Emilie tek ein pust i bakken på Framnes.
Foto: Mampion Andriamandimby

Konfirmantjubilantar i Strandebarm



50-års jubilantar

Bak frå v: Olav Christian Andersen, Astrid Oma Seljestad, Karl
Erik Berge, Lillian Skogesal Berge, Arnhild Litlere.
Framme frå v: Jan-Ove Fredheim, Elna Marie Tufta (f. Tungesvik),
Åshild Gausvik Lie, Ingunn Tangerås (f. Andersen), Gunnvor
Halden, Marie Haukås. Alle jublantfoto: Margun M. Tordal

og krokar på Framnes



Ski-moro på Kvamskogen trass i dårleg vær. Foto: KRIK Media, Frede Gravdal

kaste var at me kunne velgja dei aktivitetane me ville, eg drog på ski, det likte eg! Fleire av jentene valde volleyball og syntes det var veldig kjekt.

- Men kyllinggryte var vondt!

- Vart det noko soving, då?

- Ja - og nei. Kommentaranane frå gutane kjem kjapt og med latter: - Me sov lite, - men me hadde ein gut på rommet som kunne ta backflip!

Og den eine leiaren frå Kvam lagde god stemning – sjå her! Mobilen kjem fram, og videoar vert viste med stor entusiasme.

Så treffer me Oda Sofie Seim, Emil Voster og Noah Brattli Tolo. Dei valde alle ski som aktivitet, og er godt nøygde. Dei er samde med Strandebarms-gjengen: - Me vart tekne godt i mot, og KRIK-leiarane var kjempekjempe å snakka med!

Og konfirmentane sitt unisone tips til neste års konfirmentar:

- Ikkje sit inne på rommet og glo på mobilen – gå ut og bli kjent med folk! Det er masse som skjer på ein konfirmentleir – det må du få med deg!



Begge prestane i Kvam, Vetle og Norunn, var aktivt med på leiren på Framnes. Vetle t.h. ovanfor i passiar med kjekke konfirmentar, og Norunn i midten nedanfor, ventande saman med Hanna Aalvik og Melinda Isabella Cao Zheng, på skyss heim etter leiren er slutt.

Foto: Mampion Andriamandimby



60-års jubilarantar



Frå venstre; Grete Tvedt (f.Mikkelsen), Inger Lise Birkenes Kippersund, Ingebjørg Gjerde Børretzen, Anna Sigrun Lillefosse Neteland, Ingrid Bru, Ingeborg Johanne Hoff, Dagfinn Berge, Martin Øvrehus, Bjørn Ragnar Brakestad, Harald Hoff, Harald Oma.

70-års jubilarantar



Frå v: Helene Breivik (f. Bru), Knut Riise, Leidolv Berge, Alf Johan Håland, Marit Berge

Frå kyrkje til kyrkje i Kvam

Dagane frå palmesøndag til

1. påskedag rører med alle sider av menneskelivet. Denne påska vert du invitert til å vandre frå kyrkje til kyrkje, på tvers av soknegransene, og delta på gudstenester med ulikt særpreg, og såleis bli kjent med dagane i den stille veka.

Samtidig får du oppleve dei fantastiske kyrkjebygga me har her i Kvam. Også dei har sitt særpreg; alle har kunst som peikar tilbake på grunnen til at me har påskefeiring i kyrkja. Bli med på vandring!

Palmesøndag: Ein annleis konge! Gudsteneste i Øystese kyrkje søndag 29. mars kl. 11.00. Palmesøndag feirar me til minne om Jesu inntog i Jerusalem, der Han vart hylla som ein konge. Men Jesus var ein annleis konge; ein som ikkje herska med makt og mynde, men med kjærleik og med å gje seg sjølv for menneska.

Skjærtorsdag: Måltidet til liv og fellesskap. Gudsteneste i Ålvik kyrkje på torsdag 2. april kl. 17.00

Skjærtorsdag feirar me til minne om at Jesus samla læresveinane til jødisk påskemåltid og gav dette måltidet eit nytt innhald. Når me samlast denne dagen, vil me feire nattverd saman. Me gjer det med takk og i tru på at Jesus Kristus i dei synlege elementa brød og vin, usynleg kjem til oss og gjev oss av sine gåver; tru, tilgjeving, nåde, fellesskap, håp.



Utsnitt frå altertavla i Ålvik kyrkje viser Jesu siste måltid.

Langfredag: Livgjevande liding. Gudsteneste i Vikøy kyrkje fredag 3. april kl. 11.00.

På langfredag vart Jesus krossfesta. Me samlast til ei stillferdig gudsteneste, der me minnest det Jesus var villig til å gjere for vår skuld. Dette er likevel ikkje berre ein sørgedag. Det engelske namnet på denne dagen «Good Friday»- den gode fredagen, minner oss om at dette også er takken sin dag. Jesu liding på krossen er midtpunktet på altertavla i Vikøy kyrkje.

Påskenenatt: Lyset er sterkare enn mørket! Gudsteneste i Øystese kyrkje laurdag 4. april kl. 23.00.

Gudstenesta startar i eit mørkt kyrkjerom. Så tenner me påskelyset og bryt ut i påskelovsong mot slutten. Dei brennande stearinlysa er eit sterkt symbol på at «døden må vike for Gudsrikets krefter!»



Øystese kyrkje framstilt av Lina Lyngset.


Påskedag: Sigersfesten! Høgtidsgudsteneste i Norheimsund kyrkje søndag 5. april kl. 11.00

Påskedagen feirar me at «Krist stod opp av daude i påskemorgonraude»- at Han sigra over synd og død for oss! Derfor er dette den største dagen i kyrkjeåret, og opphavet til den kristne trua og gudsteneste-feiringa; kvar søndag feirar me Kristi oppstode!

Festlovsongar, takksemd og glede vil prege gudstenesta.

«Kristus er oppstanden; ja Han er sanneleg oppstanden!»

God påske!



Altartavla i Norheimsund kyrkje viser den oppstadne Kristus.

2. påskedag: Jesus viser seg for læresveinane – og for oss. Gudsteneste i Strandebarm kyrkje mandag 6. april kl. 11.00.

Tida frå påskedagen og fram mot pinse kallar me påsketida! Medan vitna i påskedagstekstane er prega av store kjensler er resten av påsketida sine tekstar fortellingar som er meir «kvardagslege.» Slik Jesus vandra saman med vennane sine- åt saman med dei brente bål, gav dei oppdrag og gjeremål- slik vil den oppstadne også vandra med oss i våre kvardagar, gjennom livet

Den oppstandne Kristus er å finne inne i Strandebarm kyrkje, men er like synleg på utsida- til eit vitnemål om Jesu ord frå misjonspåbødet; «Eg er med dykk alle dagar, så lenge verda står!»

Barnas påskefest! Øystese kyrkje søndag 12. april kl. 11.00

Saman skal me syngje, tenne lys, pynke med nyutsprungne påskeliljer og ta del i påskehøgtida si glede på barnas premisser! Øystese søndagsskule vert med.

Håpar å sjå dykk på vandring frå kyrkje til kyrkje i Kvam i «den stille veka» og inn i påsketida.

Varmt velkomen!

Tekst: Norunn Rød Markhus

Så vakker minnelunden vart!

No står den der. Fyrste minneplatene er på plass, nye vil fylgja framover våren. Minnelunden i Øystese vart akkurat så vakker som me drøymde om.

Monumental og solid, og med kvalitet i alle utformingar. Uslitelege byggjemateriale, og flott handverk. Jau, minnelunden har tilført kyrkjegarden i Øystese ein ny dimensjon, og gjort dette bygdesentrumet endå rikare. Mange spør og lurar, så her kjem difor ei kjapp innføring i minnelunden sine løyndomar:

Urnene står tett i jorda bak minnelunden. Dei er gravlagde, akkurat som i ei vanleg grav. Men dei står mykje tettare enn i vanlege kistegraver, og det er plassutnyttinga som gjer minnelundar så geniale. Ved dødsfall der ein ynskjer at urna skal gravleggjast ved minnelunden, tek ein berre kontakt med kyrkjekontoret eller gravferdsbyrået. Dei vil rettleia deg vidare. Det går an å ha ei klassisk bisetjing først, med påfylgjande kremasjon, og dernest setja urna i jorda etterpå.

Eller ein kan gjera det som stadig vert vanlegare: ha gravferd for urne. Då kjem kremasjonen først, og så kan ein ha seremoni med urne i eit høveleg lokale, og setja urna i jorda i samband med seremonien. Då vert alt


gjort på same dag – praktisk og greit.

Sjølve minneplata kostar kr 7500,- + mva. Dette er ein eingongssum, og skal på alle vis erstatta gravsteinen. Inngraving er inkludert i denne eingongssummen. Urnegrava vert freda, og skal ikkje betalast noko for dei første 20 åra. Dersom ein ynskjer inngraving med tanke på ekstranamn seinare, f.eks ektefelle eller partner, vert det rydda plass til dette på plata. I neste omgang vert det kun inngravinga av namn nr 2 ein betalar for, kr 1500,- + mva. Festeavgifter for reservert plass for urne vert som på resten av kyrkjegarden. Fellesrådet fastset nye satsar for både minneplater og festeavgifter kvart år.

Det vert ikkje høve til å reservera seg plass på minnelundveggen, ei heller å flytta namn frå eksisterande graver til minnelunden. Det er kun i samband med dødsfall at det vert opna for å bruka minnelunden. Men det er god plass: 117 minneplater med plass til 234 namn står klare til inngraving.

Velkomen til å ta den i bruk!

Tekst og foto: Olav Skeie Lid



Munter soger



I eit herad på Jæren var det ein bonde som hadde eit velstelt bruk, inkludert eit sandtak. Ordføraren var interessert i å kjøpa sandtaket. Han tok ein prat med bonden. «Lag ei sak på dette, så ser me» svara bonden. Då saka kom opp i heradstyret, var bonden på tilhøyrarbenken. Før ein drøfta denne saka, bad ordføraren bonden å gå på gangen. Etter lang drøfting, kom bonden inn att. Ordføraren nemnde

prisen dei ville tilby for sandtaket. «Vel,» svara bonden. «Eg kan ikkje svara her eg står. Eg må tenkja meg grundig om før eg tek ei avgjerd. Difor bed eg kommunestyret om å gå på gangen».

Arne O. Øystese

Me snur bladët: ny misjonsavtale i Kvam

Saman med Det Norske Misjonsselskapet (NMS) vil kyrkjene i Kvam vera med å dela trua på Jesus, utrydda fattigdom og kjempa mot urettferd på Madagaskar. Dette er resultatet av ein ny misjonsavtale som er inngått mellom NMS og alle dei fire kyrkjene i Kvam frå 1. jan. 2026.

Kyrkjene i Kvam har i mange år samarbeidd med HimalPartner om prosjekt i Nepal. Det har vore viktig for oss lokalt og kyrkja - og enkeltmenneske i Nepal. Samarbeidet med HimalPartner har vore ein del av eit større samarbeid mellom Den norske kyrkja og sju ulike misjonsorganisasjonar i Noreg. Dette samarbeidet er samla i det som er kjend som «SMM – Samarbeid menighet og misjon» (www.kirken.no/smm). Som del av dette samarbeidet ligg det også inne ei forventning og anerkjenning av at dei ulike lokalkyrkjene i Noreg har ein naturleg rotasjon i kven dei samarbeider med.

Etter eit fruktbart og godt samarbeid med HimalPartner over fleire år, har sokneråda i Kvam funne at tida er inne for ein naturleg vandring frå HimalPartner til ein annan organisasjon som er oppteken av å dela trua på Jesus, utrydda fattigdom og kjempa mot urettferd; nemleg **Det Norske Misjonsselskapet (NMS)**. Valet av NMS denne gongen er naturleg i og med at organisasjonen og Den norske kyrkja i 2025 gjekk inn i eit forsterka samarbeid som bind dei to ulike organisasjonane enda sterkare saman i åra som kjem – både lokalt, nasjonalt og internasjonalt.

Våre prosjekt

Det har i mange år vore naturleg for kyrkjelydar å velje eitt prosjekt, men då sokneråda arbeidde med denne saka i 2025, fann dei det naturleg i staden å velje «Madagaskar» som vårt prosjektland, og heller konkretisera misjonsprosjektet i tre del-prosjekt: 1. Mangarano psykososiale senter, 2. Miara Mianatra: inkludering i skulen og 3. Berekraftig jordbruksutdanning på Madagaskar.

«Miara Mianatra/ inkludering i skulen» har som mål å inkludera born med funksjonsnedsettingar i ordinær skule. Målet er at rundt 700 born og unge skal vere inkludert i skulen innan ein femårsperiode, og prosjektet omfattar 250 skular der born med funksjonsnedsettingar er inkludert.

«Mangarano psykososiale senter», som tidlegare var ein institusjon for lepra-pasientar, er no under ombygging og oppbygging, og vil, når det er i drift, vera eit senter som skal hjelpe rusavhengige til eit nytt liv utan rus.

Prosjektet «Berekraftig jordbruksutdanning på Madagaskar» har som mål å utdanna menneske som kan bidra til å motvirke fattigdom og sikra mattryggleik og berekraftig utvikling på Madagaskar.



Kyrkjene i Kvam er glad for å kunna vera med i dette viktige arbeidet i tida som kjem. På heimesidene til kyrkja i Kvam (www.kyrkja.no/kvam) vil du i tida som kjem få oppdatert informasjon om våre del-prosjekt, og i løpet av våren vil me ha ei større markering av vårt nye samarbeid med NMS i ei eiga, felles gudsteneste, for alle kyrkjene i Kvam. Her er alle invitert til å ta del.

Tur til Madagaskar hausten 2026

Allereie 27. september - 12. oktober 2026 kan du vera med på ei reise til Madagaskar! Her vil nokre av våre prosjekt bli vitja, og du vil få oppleve storslått natur, og møte med menneske og ein gjestfri kultur. Turteamet er Kristin Hulbak Skaar og Arild M. Bakke. Arild har mellom anna budd 35 år på Madagaskar, og arbeidd som misjonær i 25 år. Han har difor stor kunnskap om land og folk. Dette vil med andre ord kunna bli ei reise for livet. Turen er arrangert av NMS i samarbeid med reisebyråene Plussreiser og Manova. For informasjon om turen, sjå oppslag i kyrjene.

Ei oppmoding til slutt

For kyrkja i Kvam er det viktig at vi står saman i dette viktige arbeidet for menneske som lever under heilt andre forhold enn oss. Hald difor fram å be for alle som er engasjert i ulike misjonsorganisasjonar – lokalt og internasjonalt – innanfor og utanfor «SMM – Samarbeid menighet og misjon». Be også for at våre misjonsprosjekt på Madagaskar. Vi oppmodar samstundes lesarane om å bidra økonomisk slik at me kan nå dei måla me som kyrkja har sett for våre misjonsprosjekt på Madagaskar.

Tekst: Vette Karlsen Eide. Foto: NMS og Pierrot Men



GUDSTENESTER I SOKNA

22. mars

Strandebarm kyrkje kl. 11.00

Norheimsund kyrkje kl. 19.00

29. mars

Øystese kyrkje kl. 11.00

Skjærtorsdag 2. april

Ålvik kyrkje kl. 17.00

Langfredag 3. april

Vikøy kyrkje kl. 11.00

Påskeafta 4. april

Øystese kyrkje kl. 23.00

Påskenattsgudsteneste

1. påskedag 5. april

Norheimsund kyrkje kl. 11.00

Høgtidsgudsteneste

2. påskedag 6. april

Strandebarm kyrkje kl. 11.00

12. april

Øystese kyrkje kl. 11.00

15. april

Norheimsund kyrkje kl. 18.00

Samtalegudsteneste m/konfirmantane

16. april

Øystese kyrkje kl. 18.00

Samtalegudsteneste m/konfirmantane

19. april

Norheimsund kyrkje kl. 11.00

26. april

Strandebarm kyrkje kl. 11.00

Samtalegudsteneste m/konfirmantane

Øystese kyrkje kl. 17.00

1. mai

Ålvik kyrkje kl. 11.00

2. mai

Norheimsund kyrkje kl. 11.00 og

13.00. Konfirmasjonsgudstenester

3. mai

Ålvik kyrkje kl. 11.00

Konfirmasjonsgudsteneste

9. mai

Øystese kyrkje kl. 11.00

Konfirmasjonsgudsteneste

10. mai

Strandebarm kyrkje kl. 11.00

og Øystese kyrkje kl. 11.00

Konfirmasjonsgudstenester

14. mai

Vikøy kyrkje kl. 11.00

Kristi Himmelfartsdag

17. mai

Strandebarm kyrkje kl. 10.30

Øystese kyrkje kl. 11.00

24. mai

Norheimsund kyrkje kl. 11.00

25. mai

Pilgrimsvandring frå Haukås til

Holseter kl. 11.00

31. mai

Norheimsund kyrkje kl. 11.00

7. juni

Strandebarm kyrkje kl. 11.00

Øystese kyrkje kl. 17.00

14. juni

Ålvik kyrkje kl. 11.00

Vikøy kyrkje kl. 12.00

Folketonemesse

NB! Det kan koma endringar. Sjå lysing i

HF eller nettsida www.kyrkja.no/kvam

FRÅ KYRKJEBØKENE



Dåp

Øystese sokn

Iben Langesæter Frantzen

Jonas Torpe Lilja

Vilde Veseth Gjørn

Ingrid Kristine Øyri Teigum

Eivind Mo Flotve

Lasse Laupsa Rognaldsen

Sanna Øverland

Birk Opsahl-Engen

Thea Isabell Aarsand

Hartvig Berge Aarsand

Vikøy sokn

Aurora Storm Sandven-Burnett

Isa Ekeland Tufta

Åsne Nygård

Elias Eikeland Mæland

Sjur Hollund Drivenes

Amara Olivia Halvorsen

Luna Austevoll Lunde

Allan Hunar Prodan

Strandebarm sokn

Halvor Nordmo Arekol

Astrid Thorbjørnsen Hjellestad

Lea Kolltveit

Sonja Kvåle Jørgenvik

Ålvik sokn

Herman Hamre



Vigde

Vikøy sokn

Jacob Wilhelm Grindheim og Christine

Riise Ramsdal



Gravferd

Øystese sokn

Eva-Gunn Glopholm

Liv Mathilde Øystese

Gunnar A. Øystese

Laila Marit Stenberg Berge

Kjellaug Flatabø Saxæter

Aud Kirsten Ugulen

Helge Erik Olsen

Terje Andersen

Björg Skåre

Josef Gule

Gunnstein Aalvik

Björg Soldal

Arne Rykken

Aage Lothe

Bård Valvatne

Edvard Helge Løvskar

Vikøy sokn

Lars Augestad Kvitastein

Hildur Sølvi Vassdal

Rolf Mo

Gunnar Johan Småbrekke

Signe Tora Brattli

Strandebarm sokn

Björg Nappen

Torleif Hamre

Gunnvald Lillefosse

Magne Rogdaberg

Sigbjørn Berge

Svein Olav Hafsås

Ålvik sokn

Agnes Kjepso

Liv Otterholm

”Fest på kjerka” - i Herrens hus

Aldri er det lystigare stemning i Øystese kyrkje enn når prost emeritus Arne O. Øystese lagar til «Fest på kjerka» for alt folket. Siste onsdagen i november 2025 bad den gamle sjømannspresten oss inn til ein kulturkveld med ein sedvanleg rik fargepalett.

For her gynga benkene i valsetakt når Kvam trekkspelklubb drog i gang, Kor i Alle Dagar frå Ålvik spreidde glade og varme tonar inn i frosne sjeler, og alt i hop akkompagnert av Arne O. sine muntre historiar. Harald Grønnevik, pensjonert sokneprest med fartstid både frå sjømannskyrkja i Liverpool og meir grisgrendte strok i Noreg, tok oss med på ei reise gjennom hans fargerike liv. Basar høyrer med, og klappinga av årar small muntert mellom gamle tømmervegger. Visst drog det ut, og visst vart det seint. Men blide fjes såg ikkje ut til å bry seg det aller minste om det.

Og berre vent og sjå: dersom den godeste Arne O. får ha helse og levedagane, så kjem det ein ny fest i slutten av november i år. Sann mine ord!



Tekst og foto: Olav Skeie Lid

Køyring til kyrkjes i Strandebarm

Strandebarm Sokneråd har fått førespurnad frå folk om dei kan tilby skyss til kyrkjes når det er gudstener, og det har soknerådet skaffa



folk til. Så om du har behov og lyst til å bli køyrt til gudsteneste i Strandebarm, er det berre å ringja 40884271.

Men husk å ring før kl. 18.00 kvelden før!

Velkomen til kyrkjes!


EXTRA
Gjør det billig!
EXTRA ØYSTESE
Sjusetevegen 5
56 55 03 60
Åpningstider: 07-23 (08-21)


Din lokale faghandel
COOP BYGGMIX ØYSTESE
Sjusetevegen 5
56 30 85 72
Åpningstider: 08-18 (09-16)


GRAVSTEINAR

- OPPUSSING
- NAMNETILFØRING
- SAL AV GRAVMINNE
- GRAVSTELL


456 62 074
kunststell@gmail.com



Hardanger og Kvinnherad
GRAVFERDSBYRÅ
Livets vanskelegaste augeblikk er me her for deg
Døgnoppe vakttelefon 56 55 82 90
Blomebestilling 56 55 10 55



Din lokale bilforhandlar
Tlf 56550455
 **Toyota Norheimsund AS**

COOP PRIX STRANDEBARM
Tangeråshagen 5
56 55 94 10
Åpningstider: 07 - 22 (08-21)



COOP PRIX NORHEIMSUND
Grova 16
56 55 37 60
Åpningstider: 08 - 22 (08-21)

Gravminner

- spør våre lokale samarbeidspartnere

Strandebarm og Mundheim:

L.M. Leiv Magnar Fosse
Fosse tlf. 406 11 817 • leivmagnarfosse@gmail.com

Ålvik, Øystese, Vikøy og Tørvikbygd:



Arvid Strømme og Hildegunn Strømme
tlf. 995 97 848 • kunststell@gmail.com



EIKNER
NATURSTEIN

www.eikner.no

Eikner Naturstein AS
Ulmågsveien 27
5224 NESTTUN
Tlf. 55 98 70 00
firmapost@eikner.no

TRANSPORT | KRANARBEID | MASKINTRANSPORT
CONTAINERUTLEIGE | SAL AV FØR, SINGEL OG SAND



JAN MO A.S

Øystese | 56 55 59 22 | janmo.no

Montér
Kvam

info@monterkvam.no TLF 56904089

Øystese ⚡ **Elektriske AS**

DIN LOKALE ELEKTRIKAR

- brei erfaring innan bustad, industri og landbruk

Installasjon og service av:

- Sterk- og svakstraum
- ENØK og smarthusløyisingar
- Tele og datanettverk
- Varmepumper

Tlf: 56 55 04 40 • www.oelas.no



Gule's Landbruk har eit breitt sortiment av reiskap for jordbrukar, entreprenørar og kommunar.

Firmapost@gules.no

Hardangerfjordvegen 569, 5610 Øystese. Tlf 56 55 53 19



JOHAN SKEIE AS

GRAVING • BETONG • BRØYTING

Du når oss på tlf 915 45 745



Bjelland

Briller - kontaktlinser - ur

www.optikar-bjelland.no tlf.: 56 55 20 50

HB HARDANGER BYGGSENTER

www.hardangerbyggssenter.no

Bt BYGGtorget MESTERHUS
- det blir som avtalt



KVam
KRAFTVERK

Til deg! For deg!

Ein ny bank du allereie kjenner

No er me Sparebanken Norge. Me er framleis dei same lokale folka med det same lokale engasjementet.

Ope 10.00–15.00

Sparebanken Norge

sbnorge.no

SMS og Facebook i kyrkja



Ill.foto: Dnk, Bo Mathisen

Pling! Mobilen kjem med sin vante song, og når du opnar –

så vert du invitert til ei samling i kyrkjeleg regi. Me kjenner det jo frå mange samanhengar: meldingar når oss der me er, anten det er legetime eller vassmålar-avlesing. Og no fylgjer kyrkja etter.

Men vert det ikkje dyrt? Tja – det kjem an på korleis ein ser det. All PR kostar, men den direkte og personlege som når deg i lomma, er i alle fall veldig målretta.

Men ein må trø varleg. Personvernreglar er strenge, og det er berre dei som har godkjent at dei ynskjer slik informasjon,

som skal få den. Retten til å reservera seg, er sterk og viktig. Så difor: om du ynskjer personleg invitasjon til samlingar i kyrkja – send gjerne eit ord til kyrkjekontoret, så føyer me deg tll på lista vår!

Og ikkje mindre viktig: nett-sida til «Den norske kyrkja i Kvam» er oppdatert til ei kvar tid. Elektroniske formidlings-plattformar har kome for å bli, - den gamle plakaten på telefonstolpen om møte på bedehuset høyrer fortida til. Men på TikTok er me førebels ikkje å finna....

Blåtur til Nordsjøfartmuséet

Frå Norheimsund til Telavåg 2. juni



Bli med Føremiddagstreffet i Kvam til Nordsjøfartmuseum på Telavåg.

Avreise med buss kl 08.00 frå Norheimsund kyrkje
Omvising, film og lunsj på museet m/føredrag om Telavåg/Framnes
Eit stogg i Fjell kyrkje på veg heim, med m.a. orgelkonsert
Tilbake ved Norheimsund kyrkje ca. kl 17.00
Pris pr. person: kr 600,- v/påmelding
Påmelding: tlf 47483120, evt. epost: post.kvam@kyrkja.no

Alle er velkomne til å bli med på ein lærerik og flott dag!

STRANDEBARM KYRKJE 150 ÅR

Set av helga 28. - 30. august 2026!
Då skal det feirast at det er 150 år sidan
Strandebarm kyrkje vart bygd.

**Fredag 28. august startar det med konsert med
Herborg Kråkevik.**

**Laurdag 29. vert det eit vell av aktivitetar; m.a.
VM i Strandbermar-roing, klovnar,
kyrkje-historisk føredrag og
konsert inkl. orgel-innviing.**

**Og søndag 30. august avsluttar me med
jubileumsgudsteneste og påfølgjande festmiddag.**

Sjå kyrkja.no/kvam for utfyllande program.

KRUPKA TRIO

LØR. 25. APRIL KL. 19
NORHEIMSUND KYRKJE

Salmer i jazzsdrakt

Piano: Ulf Krupka
Bass: Tine Asmundsen
Saksofon: Line Falkenberg

Inngang: kr. 300,- Arr. Vikøy sokneråd



Ynskjer du gravstell?



Ring kyrkjekontoret for prisar og info: tlf. **41400035**, eller sjå heimesida **kyrkja.no/kvam**